

RUTINE §9A, Vindafjord kommune (Gjeld frå 20.11.2017)

Skulen skal sørge for at elevane har det trygt og godt på skulen

Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid

- gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for at:

- det vert laga ein plan
- tiltak vert sett inn for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen.

Dette blir kalla for skolens aktivitetsplikt.

Kva dersom ein elev blir mobba av ein tilsett på skulen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skolen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Rektor skal da varsle skuleeigaren, som vil følgje opp saka vidare.

Melde saka til Fylkesmannen

Foreldre eller elevane som meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan melde saka til Fylkesmannen.

- Først må ein ha teke opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå saka vart tatt opp med rektor
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på

Er det helt spesielle tilfelle, kan foreldre/elevane uansett ta kontakt med Fylkesmannen. Ein må ta kontakt med Fylkesmannen i det fylket du bur.

Kva kan Fylkesmannen gjere?

Dersom Fylkesmannen meiner at skulen ikkje har gjort det dei skal, kan dei bestemme kva skulen skal gjere for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Fylkesmannen skal setje ein frist for når tiltaka skal gjennomførast og følgje opp saka. Dei kan òg gi bøter dersom skulane ikkje følgjer opp.